

Årsmelding 2005



Påskevandring med 2. klasse, Vangen kyrkje i Aurland. Foto: Rolf Eivind V. Monsen



BJØRGVIN BISKOP OG
BJØRGVIN BISPEDØMERÅD

Innhald

BREI VURDERING AV DEN KYRKJELEGE SITUASJONEN I BJØRGVIN BISPEDØME	1
TILSTANDSVURDERING HOVUDMÅL 1 – KYRKJA I BJØRGVIN	3
Generelt om kyrkjeleg statistikk	3
Gudstenestelivet.....	3
Kyrkjelege handlingar.....	3
Inn- og utmeldingar.....	4
Visitas og vigsling.....	4
”Saman som medarbeidarar”	4
Evangelisering, misjon, økumenikk.....	4
Diakoni og samfunnsengasjement.....	5
Menneske med utviklingshemming.....	5
Kyrkjemusikk.....	6
Homofile i kyrkja	6
Forbruk og rettferd.....	6
”Grøne kyrkjelydar”	6
Etisk handel/ Max Havelaar	6
Trusopplæring	7
Born og unge	7
Ung i Bjørgvin	7
Samarbeid.....	8
Kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemer - kompetanse.....	8
Bispedømekontoret	8
Bispedømerådet.....	9
Likestilling.....	9
Forvaltning knytt til kyrkjelova.....	9
Forvaltning knytt til gravferdslova	9
Kyrkjelege bygningar – inventar og utstyr	9
Økonomiforvaltninga.....	9
Kommunikasjon.....	10
IT.....	10
Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane	10
Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk.....	10
Miljøleing – ”Grøn Stat ”	11
Miljøfyrtårn	11
Godtgjering for sykling i (preste)tenesta	11
Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet	11
TILSTANDSVURDERING HOVUDMÅL 2 - PRESTETENESTA	12
Regelmessig geistleg betening	12
Rekrutteringstiltak.....	12
Vikarordningar	12
Arbeidsmiljø, Helse, miljø og tryggleik.....	13
Fengselsprestetenesta	13
Prestebustader	13
Organisering og leing av prestetenesta	13
Likestilling.....	14

Kompetanseutvikling	14
Retreatarbeidet	15
Arbeidsvegleiing (ABV)	15
Arbeidsvilkår for prestane	15
Livsfasetilpassing.....	15
Beredskap og fritid.....	15
Gode samordnings- og samarbeidsprosessar i presteskapet og mellom embets- og rådsstrukturen.....	16
Kommentarar til årsrekneskapen 2005.....	16
VEDLEGG.....	17

Brei vurdering av den kyrkjelege situasjonen i Bjørgvin bispedøme.

Det er kraft i kyrkjelekamen her vest, forkynninga er sunn og sann, medarbeidarane har kompetanse og ein indre motivasjon for tenesta si. Her òg finst det stabar som slit i samarbeidet, men vi har få kyrkjelydar med tappande konflikhtar. Prestane trivst jamt over der dei er, og familiane ynskjer å verte verande. Eit problem er det likevel at sirkulasjonen på stillingane er for låg. Det er for mange prestar som sit på vent, utan at det opnar seg stillingar å søkje på.

Eg merkar meg elles at strategiarbeidet har bore frukt i mange sokn: Den overordna visjonsformuleringa vår går att i preiker, kyrkjelydsblad og visitasmeldingar: ”Saman vil vi gjere Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd”. Med dette som overskrift har mange sokn utarbeidd strategidokument og handlingsplanar. I kyrkjelydane er ein no meir medvitne om kva satsingsområde ein vil følgje opp i den soknerådperioden som no har tatt til.

Men vi er prega av alle dei omstillingane som er på gang. Nyorganisering tek krefter frå mange og vekker frustrasjon hjå somme. Faren er at det kyrkjelydsbyggande arbeidet vert sett i ventemodus medan kyrkjestrutturen vert ombygd. Vi tåler ikkje det over tid.

Personleg er eg overtydd om at endringar må kome, vi skal vere levande kyrkje i ei tid prega av lause strukturar, svikt i relasjonar, stor mobilitet og privatisering av religiøsitet. Utfordringar kan få oss opp av hjulspora og gje klima for nytenking og entusiasme. ”Når forandringa sin vind blæs, vil nokre bygge leskur, mens andre bygger vindmøller”, heiter det i eit kinesisk ordtak. Vi vil ha effekt av alt strevet.

Det har vi òg fått på fleire område: Samanslåinga av sokna i Bergen indre by er no på plass. Evalueringa gav kritikk for skarp køyring frå leiinga si side. Det må eg ta innover meg, som så medvite har vilja reforma. Men det er eit eintydig resultat at denne reforma er komen for å bli og at det er bygd ei heilt ny og lovande plattform for kyrkjelydsarbeid i storbyen. No ved årsskiftet stadfestar domprosten dette i si årsmelding: ”I Bergen domkirke menighet er samarbeidet bedre enn på lenge”. Kyrkjesøkinga har auka, konfirmantarbeidet er vitalisert (180% opp på to år), barne- og ungdomsarbeidet er i framgang og samarbeidet skole/barnehage/ kyrkje er i vekst. No skal rett vere rett: Det at vi fekk pengar til eit trusopplæringsprosjekt har hjelpt mykje. For meg står det likevel slik: Ein betre struktur opnar for heilt nye moglegheiter.

Gledeleg er det òg at satsinga på barneåret har gjeve langverknader over heile bispedømet. Særleg gjeld dette for gudstenesta. Det er meir og meir vanleg at barn tek del med synlege oppgåver i gudstenestene. Barn og konfirmantar gjer teneste som ministrantar og barn kjem til nattverd over heile bispedømet. Barneteologi er eit omgrep som utfordrar og interesserer mange. Eg trur det vil syne igjen i arbeidet med familiemessa og i søndagsskulearbeidet og i nye prosjekt: Babysong samlar til dels store grupper. Ordninga med open barnehage er òg blitt ein suksess mange stader.

Preludiet til ei fireårs-satsing på medarbeidarskap er teke imot med forventning. Ei eintydig tilbakemelding ved soknerådskursa no ved nyårsskiftet var at her har vi treft eit område som berre må få merksemd: Folk lever ikkje lenger så sjølvsgat for kvarandre. Uløna medarbeidarar vil ikkje binde seg til oppgåver over tid, og når dei melder seg, krev mange at dei vert sett og følgd opp. Den moderne pensjonisten synest å ville planlegge si karriere som friviljug medarbeidar med klåre avtalar og rammer.

At kyrkja har fått midlar til trusopplæringsreforma er alle takksame for. I kyrkjelydar der ein har fått prosjektstønad, ser vi engasjement og nysatsing. Baksida av medaljen er at langt dei færreste får søknaden sin godkjend. Når søknadene var gode, var forventningane store. Folk vart skuffa når det ikkje kom midlar. Berre få stader fekk ein tatt ut gevinsten av planleggingsarbeidet når pengane manglar. Frå fleire prostar vert det meldt om lite motivasjon til å søkje på nytt.

Vi er i same vansken når det gjeld tenesteordningane. Her har bispedømeleiinga og prestane satsa med energi og lojalitet. Vi fekk god hjelp til å førebu oss gjennom eit kvalifisert leiarprogram om endringsleiing. Vi har vore i gode samtalar med prestane og det er forståing for nyordninga på kyrkjelydsplan. Reforma med fritidsreglement og beredskapsordning har vore til stor hjelp for prestane. Svært mange ser gevinsten i teamarbeid, spesialisering og avlastning. Dei ser at nye tenesteordningar vil gje tydelegare leiarskap frå prestane si side og ynskjer det velkommen.

Men som det vil gå fram av meldinga, har vi køyrd oss nokså fast i forhandlingane med Presteforeininga, som krev lønskompensasjon. Eg og mine medarbeidarar ynskjer å tenkje meir dynamisk og heilskapleg om ressursane. Det vi er heilt samde om, er at vi må ha friske midlar til å tetta ”holet etter prostene”. Og så må vi justere opp stillingar som heilt klart vil få større ansvar og belastning. Slik det no er, er eg uroleg for at energien i reforma er i ferd med å renne ut. No heng reforma meir eller mindre i luften. Det må kome friske midlar frå Stortinget!

Omorganiseringa for dei tilsette i Bergen kirkelige fellestråd har og skapt mykje uro. Som biskop har eg støtta kyrkjevevja i gjennomføringa av demokratiske vedtak som var grunna i stram økonomi. Det skal nemnast at fleire av prestane har uttrykt at dei berre i liten grad er tekne med på råd i

saka. Sentraliseringa av administrative oppgåver for dei fellestrådstilsette, vil få konsekvensar for prestetenesta. Ikkje minst gjeld dette stabsarbeid og samhandling. I lys av den nye sentrale tilpassingsavtalen, tok stiftsdirektøren initiativ til at prostane og Presteforeininga sine lokallag kunne møtast til drøftingar om saka i ryddig posisjon.

Uroa rundt KRL-faget, skulegudstenester og samarbeid skule-kyrkje opplever eg har landa på ein god måte her i Bjørgvin. Alt under barneåret gjekk vi ut med styringssignal som heilt ut er i tråd med dei konklusjonane som etter kvart er komne frå departementa. Bispedømet har dyktige fagpersonar på dette området som har gjeve gode bidrag til å auke kunnskapen lokalt. I den grad det har vore endringar i talet på julegudstenester i 2005, så var det fleire og ikkje færre enn før.

Det vart mykje om endringar og opne spørsmål kva gjeld det organisatoriske frå Bjørgvin denne gongen. I Ytre Sogn er dei nøgd med allereie gjennomførte endringar, men i stuss om dei skal gå enda vidare med samarbeid og samordning og på fellestrådssida.

Det mest alle gler seg til, er å følgje det store reformarbeidet med høgmesse. Når det gjeld Stat/kyrkje-meldinga er vi budde på å verte involverte gjennom ei høyring.

Sjølv vil eg følgje dei nye forsamlingane som gror fram, med merksemd. Når ein forrettar både dåp og nattverd i bedehus og misjonsforsamlingar og tar til med konfirmasjonsførebuing i tillegg, då er tilknyttinga til Den norske kyrkja vorte veldig laus. Teologisk er det uro i desse miljøa etter Lærenemnda si fråsegn. Men det er jamt over stor tillit til dei lokale prestane. Og på bedehusa er nok langt dei færreste budde på oppbrot.

Eg òg er glad for prestane og dei andre medarbeidarane i Bjørgvin. Det daglege arbeidet er vel tatt vare på. Det er mitt inntrykk at kantorane og organistane tek meir og meir ansvar for kyrkjelydsbyggande

arbeid. Trass i innsparingar i mange kommunar, har gudstenestetalet hatt ei lita auke det siste året. Og når det gjeld dei kyrkjelege handlingane, så har dei høg prioritet mellom prestane.

Når det gjeld prostane, har vi over tid satsa på kompetanseheving. Departementet sitt engasjement for kursing i endringsleiing er vi svært nøgde med. Ein av prostane har deltatt i HSH sitt leiarutviklingsprogram som går over to år og ein har hatt tre månaders studiefri der eg som biskop har vore med og lagt programmet. I fleire år no har prostane hatt egne ABV-grupper. Då vi evaluerte dei no i haust, var det eintydig melding om at gruppene måtte halda fram.

Biskop Ole D. Hagesæther

Tilstandsvurdering hovudmål 1 – kyrkja i Bjergvin

Hovudmål 1: Kyrkerådet og bispedømeråda skal initiere og leggja til rette for felleskyrkjelege tiltak og for realisering av dei mål og satsingsområde som Kyrkjemøtet har gjort vedtak om, og bidra til at kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemmer har kompetanse til å ivareta sine oppgaver. Dei kyrkjelege organa skal fremja samarbeid og god kommunikasjon med dei frivillige kristelege organisasjonane, mellom kyrkja sine organ og mellom kyrkje og samfunn.

Resultatmål 2.1: Gjennomføra Kyrkjemøtet sine vedtak og ivareta felleskyrkjelege oppgaver elles.

Det overordna målet for kyrkja lyder slik: ”Den norske kyrkja skal vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.”

Bjergvin biskop og bispedømeråd fangar dette opp i sin eigen visjon og Strategiplan for 2005 – 2008. Med desse dokumenta som referanse gjer vi nedanfor greie for utvalde satsingsområde i Bjergvin kva gjeld kyrkjelydane sitt arbeid.

Generelt om kyrkjeleg statistikk

Grunna nye rutinar rundt innhenting av statistikk frå kyrkjelydane, som blant anna inneber at prestane ikkje lenger er med i prosessen, er dei førebels tala usikre. Dei offisielle tala vert ikkje frigjorte av SSB før i juni.

Dette gjer at vi i år manglar trygge instrument for å måle om vi gjennom våre strategiar og tiltak klarer å påverke det som skjer i kyrkjelydane.

Gudstenestelivet

Når det gjeld gudstenestene, er spørsmåla formulerte på ein annan måte enn tidlegare. Det vert ikkje lenger spurt etter hovudgudstenester og vi veit at fleire har talt på andre måtar i år og tala kan difor ikkje direkte samanliknast med 2004. I 2004 var det 6849 hovudgudstenester og 3130 andre til saman 9979. Dei førebelse tala for 2005 viser 7242 søndagsgudstenester og 2914 andre, til saman 10156. Det er ein auke på 177 gudstenester totalt eller 0,6 prosent. Frammøtet totalt var i 2004 961.022 og i 2005 949.451 ein nedgang på 1,2 prosent. Om dette er ein nedgang eller skuldast ny teljemåtar og rutinar, er usikkert.

Kyrkjelege handlingar

Talet på konfirmantar er etter dei førebelse tala 5984. Dette er ein nedgang på 4 % (6238 i 2004), men framleis over 2003 (5865).

Konfirmasjonsprosenten målt mot heile årskullet er 76%, mot 80 % i 2004 og 78% i 2003. Nedgangen finnast i vekstsentra rundt Bergen (der det var ein stor auke i 2004).

Konfirmasjonstala er stort sett gått opp i Bergen sentrum og i resten av bispedømmet.

I følge dei førebelse tala har det vore ein liten nedgang i talet på døypte 6059 (mot 6275 i 2004). 84% av alle nyfødde i 2005 vart døypt.

Det var 59 færre kyrkjelege vigslar i 2005 (1288) enn i 2004 (1347). Dette er ei utvikling vi har sett i fleire år.

Inn- og utmeldingar

Det var 109 innmeldingar mot 98 i 2004 og 622 utmeldingar mot 531 i 2004.

Visitast og vigsling

Grunna permisjon gjennomførte biskopen berre 3 visitastar våren 2005: Skjold, Gloppen og Kinn. Hausten 2005 vart ein visitast avlyst grunna sokneprestens sjukdom og det var 4 visitastar: Ulvik, Luster, Masfjorden, Fyllingsdalen. Det var ingen visitastar ved sjømannskyrkjene. Biskopen ordinerte 4 prestar og vigsla 2 kateketar.

”Saman som medarbeidarar”

I Strategiplanen for perioden 2005 – 2008 vert det gjennomgåande sett fokus på medarbeidarskap.

”Prosjekt Medarbeidarskap” tek sikte på å auke kunnskapen om og omsorga for dei ulønna medarbeidarane i kyrkjelydane våre. Medarbeidarskap var og skal vere eit hovudtema på dei store kursa og samkoma i



Bispedømmet. I tillegg skal det gjennomsyre alt anna som vi gjer, til dømes arbeidet med gudstenester og gudstenestereforma, trusopplæringa skal ha omsorg for medarbeidarane som ein viktig del av dei ulike tiltaka og alle andre tiltak og aktivitetar skal vere gjennomsyra av at medarbeidarane skal ha eit fokus. Vi har ei breitt samansett ressursgruppe som kjem med innspel, vurderingar og gode idear på dette arbeidet, i tillegg til at kyrkjefagseksjonen på bispedømmekontoret er prosjektgruppe. Ved å inspirere, undervise og rettleie, ynskjer vi å endre haldningar til kven ein medarbeidar i ein kyrkjelyd kan vere, og korleis ein skal fylge vedkomande opp. I 2005 har vi delteke på 4 prostikonvent og 8 medarbeidarsamlingar i kyrkjelydar med medarbeidarskap som tema. Hovudfokus når det gjeld omsut for medarbeidarar skal vere på rekruttering, opplæring, oppfølging og avslutning/overføring til anna teneste. Ein starta og i 2005 arbeidet med ein Ressursperm for medarbeidaromsorga. Den vert delt ut til alle sokneråd i 2006.

Evangelisering, misjon, økumenikk

Misjon står sterkt i Bjørgvin bispedøme. Det gjev seg ikkje utslag i mange avtalar mellom misjonsorganisasjonane og kyrkjelydane, men heller i at det generelle nivået på gjevarteneste og tiltak/samkome/kunnskap om misjon er høgt. Det Norske Misjonsselskap (NMS) står sterkt, særleg i Sogn og Fjordane. I Ytre Sogn er det eit godt samarbeid mellom kyrkjelydar og NMS om trusopplæringa. Vedtaket om misjon på Kyrkjemøtet 2005 var historisk, og sette misjon på ein heilt annan måte i sentrum av det å vere kyrkje.

Mange kyrkjelydar er opptekne av å verke evangeliserande i sitt nærmiljø og har sett i gang enten prosjekt, nyplanting av kyrkjelydar eller aksjonar for å sette kyrkjelydane i stand til å vekse og utruste medlemene til å dele trua si i nærmiljøet. Det økumeniske samarbeidet synte seg på ein særskild måte under sørgjegudstenesta

som var i Bergen domkyrkje i januar 2005 i etterkant av tsunami-katastrofen. Det var eit samarbeid mellom den katolske kyrkja og den Norske Kyrkje. Den Katolske kyrkja har eit sterkt innslag av tamarar, og dei var aktive med i gudstenesta.

Diakoni og samfunnsengasjement

Det har vore ein del utskifting av diakonar det siste året, som gjer at den samla faglege kompetanse ikkje er den same som den har vore ei tid. Nokre av dei mest erfarne diakonane har slutta i sine stillingar. Diakonane sine fagdagar har hatt tema som diakoni i trusopplæringa, diakonen sin plass i kyrkja og HIV/Aids med eit møte med open kyrkjegruppe. Særleg det fyrste vil verte ein ressurs etter kvart når det vert laga eit samandrag av korleis ein kan tenkje praktisk om diakoni i trusopplæringa. Samandraget er meint som ein ressurs til kyrkjelydane i Bjørgvin.

Hausten 2004 vart det utarbeidd ein rapport om friviljug medarbeidarskap i 4 kyrkjelydar. Rapporten er seinare mykje brukt i undervisning og rådgjeving for kyrkjelydane. Rapporten leverte og viktige premisser til fokuset på ”Medarbeidarskap” i kyrkjelydane.

Menneske med utviklingshemming

Det kyrkjelege arbeidet i forholdet til menneske med utviklingshemming er og må vera prega av ein langsiktig strategi. Det er ein krevjande prosess å vinna gehør for at dei må få ivaretatt sine åndelege behov, på same måte som andre grunnleggjande behov eit menneske har. Skal dei åndelege behova bli tekne på alvor, krev det at kommunalt tilsette og andre utøvar sitt faglege arbeid på ein aktiv og utprøvande måte. Altfor mange kjem seg ikkje på ei gudsteneste eller andre arrangement, fordi informasjonen svikta eller fordi den tilsette vegra seg eller ikkje brydde seg med å leggja tilhøva til rette.

Ei såkalla ”nøytral haldning”, fungerer i praksis som fråvær av informasjon eller manglande tilrettelegging. Då vert det såkalla nøytrale eit hinder. Nøytralitet vert gjerne blanda saman med respekt for den einskilde sine val. Resultatet av dette vert uheldig. Det er inga motsetning mellom aktivt å leggja til rette og ha respekt for den einskilde sine val. Her er det eit stort behov for fagleg refleksjon.

Det er generelt ein auke i talet på konfirmantar med utviklingshemming i Bergen. Hausten 2005 har 18 konfirmantar med utviklingshemming meldt seg på for konfirmanttida våren 2006, noko som er ny rekord. Alternativet for fleire av desse ungdommane hadde blitt ingenting. Vår vurdering er at det tidlegare har vore svært få unge utviklingshemma som vart konfirmert i Bergen. Dette er altså i ferd med å endre seg. I distriktet derimot er den lokale kjennskapen og skulestrukturen slik at det er meir eit spørsmål om korleis ein skal leggja til rette enn om ein skal gjera det.

I Bjørgvin har vi i fleire år halde lokale ”Bli kjent i kyrkja –kurs”. I 2005 vart det helde kurs i Gaular, med gode tilbakemeldingar. Dette har også resultert i auka gudstenestedeltaking frå målgruppa si side. På Tysnes har dei hatt kyrkjekurs 7 år på rad og dette er etterkvart blitt eit innarbeidd tilbod i kyrkjelyden.

Vi har framleis eit samarbeid med Kirkens Sosialtjeneste når det gjeld etablering av eit bufellesskap i Bergen, med ein diakonal profil. Kirkens Sosialtjeneste søkte om midlar til eit forprosjekt via Helse og Rehabilitering. Vi nådde dessverre ikkje opp i denne runden, men samarbeidet vil like fullt halda fram.

Eit område som kjem til å bli fokusert i framtida, er vektlegginga av den åndelege dimensjonen i omsorga for menneske med utviklingshemming. Dette vil bli ein gjengangar i kontakten med kommunane framover.

Kyrkjemusikk

Svært mykje godt arbeid er i gong rundt i dei lokale kyrkjelydane. Dette gjeld både på arbeidet som sorterer under soknerådet og forankringa / kontakten mange kyrkjemusikarar har ut mot det lokale musikkliv. Mange ynskjer å samarbeide med kyrkja og å ta aktivt del i arbeidet. I denne samanheng representerer kyrkjemusikarane eit variert nettverk. Dei er engasjert i arbeid innanfor trusopplæring, skule/kyrkje-samarbeid, konsertar og musikkandaktar og i aktivt liturgisk arbeid.

Dei siste åra har bispedømet klart å løfta fram det kyrkjemusikalske arbeidet. Bispedømerådet har engasjert ein dyktig kvinneleg kantor som kyrkjemusikkonsulent i 20% stilling. Stillinga vart evaluert i 2005 og vert ført vidare. Gjennom denne stillinga har vi greidd å etablere fleire lokale samlingar for organistar og kantorar og legga til rette for tverrfaglege samlingar i prostia. I tillegg til dette var det i 2005 barnekorseminar, og fagdagar om ”Rytmissk musikk og sjangerforståing”, det siste så nytt for mange at det vart ei sak i media. Kyrkjemusikarane vert no invitert med på biskopens stiftsmøte. I 2005 møtte denne faggruppa biskopen der vigsling til kantorteneneste særleg vart drøfta.

Dialogen mellom kantorane og biskopen har resultert i at biskopen heldt vigslings-gudsteneste for 10 kantorar i Bergen Domkyrkje søndag 19. februar 2006.

Rekruttering av kyrkjemusikarar er eit omfattande arbeid der ein må tenkje langsiktig og strategisk. Fleire kyrkjelydar har no lagt til rette for ”orgelkonfirmantar”. I Bjørgvin har ein også dette året invitert til felles seminar med orgelelevar frå heile landet kalla ”Store piper – små føter”

Homofile i kyrkja

Biskopen har oppnemnd prostens i Hardanger og Voss til å vere Bjørgvin bispedøme sin kontaktperson med ”Åpen kirkegruppe”. I 2005 har dei arrangert 9

gudstenester i Nykirken/Nykirken kapell. I 2005 hadde prostens ei av gudstenestene, han var med på årsmøtet og har møtt foreldregruppa. Både bispedømet og Åpen kirkegruppe ser positivt på denne kontakten.

Forbruk og rettferd

Året 2005 var viktig for arbeidet med Forbruk og rettferd på fleire måtar. Bispedømerådet fatta i juni vedtak om å forlengje prosjektstillinga med 3 år fram til sumaren 2008, med atterhald om ekstern finansiering. Samstundes fekk vi for første gong støtte frå Miljøverndepartementet til prosjektet ”Grøne kyrkjelydar”.

”Grøne kyrkjelydar”

Dei siste åra har bispedømet klart å løfta fram det kyrkjemusikalske arbeidet. Bispedømerådet har engasjert ein dyktig kvinneleg kantor som kyrkjemusikkonsulent i 20% stilling. Stillinga vart evaluert i 2005 og vert ført vidare. Gjennom denne stillinga har vi greidd å etablere fleire lokale samlingar for organistar og kantorar og legga til rette for tverrfaglege samlingar i prostia. I tillegg til dette var det i 2005 barnekorseminar, og fagdagar om ”Rytmissk musikk og sjangerforståing”, det siste så nytt for mange at det vart ei sak i media. Kyrkjemusikarane vert no invitert med på biskopens stiftsmøte. I 2005 møtte denne faggruppa biskopen der vigsling til kantorteneneste særleg vart drøfta.

Dette prosjektet er kjernen i bispedømerådets satsing på ”forbruk og rettferd”, og fleire av tiltaka under ligg til prosjektet. 16. februar var første store merkedag i 2005. I samarbeid med Naturvernforbundet, Døvekirken m.fl. arrangerte vi festgudsteneste i Barnas Katedral for å markere at Kyoto-avtalen trådte i kraft. Miljøvernminister Knut Arild Hareide var til stades, og delte ut diplom til Døvekirken i Bergen som første ”diplomerte” grønne kyrkjelyd i landet. Frå mai 2005 engasjerte vi ein eigen prosjektmedarbeidar i Sogn og Fjordane. Ho har jobba målretta med miljøpositive kyrkjelydar (stab og råd), med sikte på diplomering som grønne kyrkjelydar på nivå 1. Dette har fungert godt, og vi vil dreie prosjektet meir i retning av å arbeide tettare med dei einskilde kyrkjelydane som vil noko på dette området.

Etisk handel/ Max Havelaar

Våren 2005 slutta ressursgruppa for forbruk og rettferd i Bjørgvin opp om Kirkens Nødhjelp og den internasjonale Global Week of action 10.-16. april 2005. I oktober var det Max Havelaar aksjonsveke, og Voss naturvernlag saman med kyrkjelyden og Amnesty gjennomførte butikktest i 21

butikkar i Voss-regionen. Vi hadde også fleire markeringar der vi delte ut og informerte om dei nye Max Havelaar-rosene frå Mester Grønn.

Trusopplæring

Resultatmål 2.2: Utvikle reforma av kyrkja si trusopplæring i samsvar med Stortinget sine føresetnader.

Det var stor interesse knytt til ny søknadsrunde for Trusopplæringsrefoma. Den høge prosentdelen som søker i bispedømet syner det store engasjement. Vi hadde difor også dette året ein seminardag der vi inviterte kyrkjelydane som enda ikkje har prosjektmidlar. Temaet: ”Trusopplæring i kyrkjelyden - Trusprosjekt eller prosjekttanking?” Vi ynskja fokus på prosjekttanking som strategi for einskilde aldersfasar i trusopplæringa. Over førti deltakarar meldte tilbake at dette var eit viktig og matnyttig tema.

Biskopen har i si innleiing til årsmeldinga nemnd den negative tendensen vi ser av prosjektorganiseringa ved at mange kyrkjelydar vert demotivert av avslag på gode søknader.

Vi ser tre utfordringar etter dette året knytt til trusopplæringa i Bjørgvin:

- Motivasjon lokalt når det gjeld reforma og midlar
- Arbeid med strategi: Me meiner det bør leggjast vekt på *tidsavgrensa prosjekt*
- Å få tiltak som omfattar breidda av dei døypte.

Barneåret og året etter har vist at mange kyrkjelydar i Bjørgvin har vilje og evne til å snu seg og få til enkelttiltak, men skal den systematiske trusopplæringa lukkast må vi leggje til rette kurs og kompetanseheving på å arbeide meir strategisk og heilskapleg.

Born og unge

Resultatmål 2.3: Stimulere og setje i verk tiltak som styrkar kyrkja sitt arbeid blant born og unge.

Biskopen visert til at Barneåret i 2003/2004 stadig ber frukt. Kyrkjelydane ser mange viktige utfordringar. Ikkje minst trur vi dette gjeld på områda borns førebuing og deltaking i gudstenestene, satsinga på trusopplæringa og medvitnet om å ta vare på medarbeidarane i barnearbeidet.

Bispedømet sette i 2004 i gang prosjektet ”Nye steg” for ta vare på inspirasjonen frå Barneåret og inspirere kyrkjelydane til å arbeida med målgruppa born 0-4 år og deira foreldre og fadrar. OVF-midlar har vorte nytta strategisk til å setja i gang gode ”oppfylgingsprosjekt” lokalt. No ser vi at mange kyrkjelydar satsar på denne aldersgruppa med breiddeaktivitetar som opne barnehagar og babysong.

I tillegg har bispedømet sett i gang vore arbeidd for å finna nye arbeidsformer. ”Den gode hyrdes katekese” – eit metodisk trusopplæringsopplegg for dei minste borna er prøvd ut i tre kyrkjelydar, og dette fekk vi regionale trusopplæringsmidlar til. Til saman er strategien og vektlegginga tydeleg og vi trur på effekt av dette, men det syner seg likevel at ein skal jobbe godt for at slik satsing skal ha overføringsverdi og få rotfeste lokalt.

Ung i Bjørgvin

I januar vart Ungdomstinget (UT:05) arrangert for tredje gang i bispedømet. For leiarane er Ungdomstinget ein viktig møteplass der det skjer mange viktige ungdomspolitiske drøftingar. I tillegg er det ein viktig stad for å utveksla synspunkt og erfaringar frå det lokale ungdomsarbeidet. Som ei vidareføring av UT gav ungdomsrådet ut ein brosjyre som handlar om oppfølging av frivillige ungdomsleiarar med vekt på medarbeidarsamtalen. Ungdomsrådet tok òg initiativ til eit seminar med same tema (vegleiing av ungdomsleiarar) i samband med

bispedømet ungdomsleiarprosjektet i Midhordland prosti. Slike seminar ser vi at er mogleg å få til fleire stader i bispedømet i tida som kjem.

Samarbeid

Resultatmål 2.4: Fremja samarbeid mellom kyrkja sine organ, overfor frivillige kristelege organisasjonar og mellom kyrkje og samfunn.

Det er i 2005 gjort fleire vedtak om prøveordningar eller endelege endringar for alternativ rådsstruktur eller soknestruktur gjeldande frå 1. januar 2006. Dette gjeld: Sveio prestegjeld: Valestrand/Førde, Vaksdal prestegjeld: Felles sokneråd for Dale/Bergsdalen /Nesheim, Lærdal prestegjeld: Felles sokneråd for Hauge/Tønjum/Borgund Aurland presetegjeld: Vangen/Flå /Undredal/Nærøy

Samanslåtte sokn:

Fjaler sokn, samanslåing av Dale og Guddal sokn

Radøy sokn, samanslåing av Sæbø, Manger og Hordabø sokn

Fjelberg og Eid sokn, samanslåing av Fjelberg sokn og Eid sokn

Husnes og Holmedal sokn, samanslåing av Husnes sokn og Holmedal sokn

Gjennom reformarbeidet i kyrkja er Kyrkjerådet opptekne av organiseringa av kyrkja lokalt. I framtidsskissene vert det gjerne teikna eit bilete av at store sokn er ein fordel. Vår erfaring er at det ikkje nødvendigvis er slik. Særleg gjeld dette mindre sokn i distrikta. Her må ein nøye vurdere den kristelege geografien for å kunne vurdere om ei kyrkjebygd er best tent med eit kyrkjelydsutval eller eit sokneråd.

I Bjørgvin har vi relativ brei erfaring med samanslåing av sokn både i by (Bergen sentrum) og i distrikt. Den einaste staden biskopen og bispedømerådet initierte prosessen var i Bergen. Alle andre samanslåingar kom som følgje av lokale

initiativ. Bispedømerådet har godkjend alle saker om samanslåing dei seinaste åra.

Kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemer - kompetanse

Resultatmål 2.5: Bidra til at kyrkjeleg tilsette og valde rådsmedlemer har kompetanse til å ivareta sine oppgåver.

Det vart halde soknerådskurs i heile bispedømet i november/desember 2005. Erfaringane var gode med å leggja kursa så snart etter valet. Føremålet med kursa var å gje dei nyvalde soknerådsmedlemene både inspirasjon og informasjon.

Det er eit gjennomgåande problem at fellesråda som lokale arbeidsgjevarar i liten grad har økonomiske rammer til å drive systematisk kompetanseutvikling for dei vigsla stillingane. Bispedømekontoret si oppgåve her er viktig.

Det er utarbeidd ei skisse til eit "Kompetanseforum" med representantar for arbeidsgjevarar/kyrkjeveverjene og faggruppene som skal vera med å planleggja fagdagar og kurs i bispedømet for å sikra dei tilsette oppdatering og god kompetanse.

Dei vigsla stillingane vert følgt opp gjennom årlege fagdagar, og kyrkjeveverjene møter årleg prostane til Leiarkonferanse i bispedømet.

Bispedømekontoret

Resultatmål 2.6: Verksemdene si organisering, kompetanse og kapasitet skal vera brukarorientert og tilpassa oppgåvene

Bispedømekontoret er i sluttfasen av ein organisasjonsutviklingsprosess. Føremålet er å systematisere og dokumentere alle delar av verksemda. Viktige fasar i prosessen har vore drøfting av verdiar, sertifisering som "Miljøfyrtårn", systematisering av HMS-arbeidet, innføring av elektronisk arkiv og saksbehandlingssystem og ny tilpassingsavtale.

Bispedømerådet

Björgvin bispedømeråd har i 2005 hatt 8 møte og handsama 117 saker.

Likestilling

Bispedømekontoret har 17 fast tilsette, 8 menn og 9 kvinner. I leiargruppa (4 medrekna biskopen) er det 1 kvinne. Kjønnfordelinga er god blant rådgjevarane, medan det blant merkantilt personale berre er kvinner. Det er ikkje gjennomført særlege likestillingstiltak i 2005.

Forvaltning knytt til kyrkjelova

I 2005 har biskopen hatt 4 saker knytt til ombygging av kyrkjer og 6 søknader om bygging nærare kyrkja enn 60 m. Ein av desse søknadane fekk avslag, men søkjar fekk godkjenning etter å ha endra planane.

Biskopen har gjort vedtak i 2 orgelsaker, begge har kravd lang sakshandsamingstid. Biskopen godkjende Granvin sokneråd sine planar om å riva delar av galleriet i Granvin kyrkje for å få plass til eit nytt orgel. Riksantikvaren gjekk mot vedtaket, og har freda kyrkja mellombels. I Loddefjord kyrkje har biskopen godkjent at det vert sett inn eit digitalt orgel, samstundes som det eksisterande pipeorgelet skal stå urørt. Byantikvaren i Bergen, som i slike saker gjer vedtak i Riksantikvaren sin stad for listeførte kyrkjer i Bergen, gjekk mot vedtaket fordi ho ønskte at pipeorgelet skal bevarast gjennom restaurering og bruk. Byantikvaren klega vedtaket til Kultur- og kyrkjedepartementet, utan å få medhald.

Det har vore 3 saker om fellesråd sin bruk av kapitalen i kyrkjefond. Biskopen har hatt 15 saker der det er gjeve røysterett til eitt eller fleire medlemmer som ikkje bur i soknet.

Forvaltning knytt til gravferdslova

Bispedømerådet har gjort 6 vedtak knytt til endring ved kyrkjegardar (gravferdslova § 4).

Det vart også handsama 6 saker om godkjenning av kyrkjegardsvedtekter. Bispedømerådet har handsama 6 klagesaker. Dette gjeld mellom anna Bergen kirkelige fellesråd sin praksis om å krevja etterbetaling av festeavgift for festarar som vil fornya feste på graver det ikkje har vore kravd eller betalt festeavgift for etter at frigravsperioden gjekk ut. På bakgrunn av eit brev frå departementet, gav bispedømerådet medhald til festarane.

I saker om arealdisponering til kyrkjegardsføremål er bispedømerådet statleg faginstans og har gjeve fråsegn i 8 saker knytt til reguleringsplanar eller kommunedelplanar. 3 ferdig utvida kyrkjegardar vart godkjende. Bispedømerådet godkjende 3 søknader frå sokneråd/fellesråd om løyve til å ta opp lån og godkjende 3 saker knytt til forvaltning av kyrkjelege fond.

Kyrkjelege bygningar – inventar og utstyr

I 2005 vart 70 saker handsama. Eit fagråd for kyrkjekunst førebur dei fleste sakene og rår til eller rår frå godkjenning. Utvalet har ein tekstilkunstar, ein forskar/forfattar og ein prest som medlemmer. Ordninga med fagrådet fungerer godt. Det er særleg tre sakstypar som peikar seg ut i søknadsbunken: liturgiske klede, lysglobar og fjerning av benkar.

Økonomiforvaltninga

Bispedømekontoret har 3 heile stillingar i økonomiseksjonen. Vi har ikkje kome i mål med å etablere skriftlege rutinar for alle gjeremål. Prosjektansvarlege (bispedømekontoret og prostane) er ansvarlege for å budsjettere og rapportere på sine prosjekt. Dette har medført auka kompetanse på å rekne ut kostnader og inntekter. Vår største utfordring er at vi overbudsjetter mange mindre prosjekt. Men stort sett uttrykkjer bispedømerådet seg positivt om økonomistyringa.

Kommunikasjon

Ei utgåve av bladet Stiftsnytt vart laga med særleg tanke på dei nyvalde sokneråda, og det vart brukt medvite i samband med soknerådskursa saman med ein presentasjonsbrosjyre av bispedømekontoret og ein brosjyre om "Samarbeidet menighet misjon i Bjørgvin". Stiftsnytt våren 2005 hadde tema "Medarbeidaren". Både Stiftsnytt og Stiftskalenderen kjem ut to gonger i året.

Bispedømerådet og biskopen brukar elles i stor grad e-post og nettsider til å informere egne tilsette og tilsette og ulønna medarbeidarar i kyrkjelydane. Statistikken for nettsidene viser at talet på besøk på meir enn dobla frå 2004 til 2005. Bispedømerådet og biskopen er jamleg i media, i dei aller fleste tilfelle i positive oppslag.

IT

Bispedømekontoret får sine IT-tenester levert av Opplysningsvesenets fond (OVF) si IT-eining. Stabiliteten på datanettet har betra seg dramatisk i høve til eit problematisk år 2004. Vi opplever med andre ord klart positive resultat av den strukturerte oppgraderingen OVF har gjort når det gjeld teknisk infrastruktur, mannskapsstyrke og organisering. Nytt elektronisk arkivsystem (WebSak) vart innført i løpet av året. Samstundes vart det føreteke ei oppgradering av operativsystem til Windows 2003. Teknisk gjekk desse oppgraderingane rimeleg greitt. For år 2006 skal innførast nytt løns- og personalsystem SAP. Utfordringa vidare vert å utnytte dei nye IT-systema for effektivisering av rutineoppgåver og å betre gjenfinning, utveksling og bruk av relevant informasjon.

Tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane

Tildelt tilskot til kyrkjeleg verksemd i kommunane innan Bjørgvin bispedøme var i år 2005 om lag kr. 8,4 mill., mot kr. 11,4

mill. i år 2004. Reduksjonen må sjåast i samanheng med etablering av ei rad fellestiltak i regi av Kirkens arbeidsgjevarorganisasjon (KA) gjeldande forsikring, brannsikring, enøk m.m. knytt til kyrkjebygga. Desse fellestiltaka vert no finansierte utanom dei direkte tilskota til fellelråda.

Formålet med tilskotet er å styrkje den kyrkjelege verksemda ut over det som er kommunane sitt økonomiske ansvar etter kyrkelova. Vi har ikkje motteke formelle meldingar om at tilskotet vert nytta til føremål som skulle vore finansierte av kommunane, men det er vårt klare inntrykk at mange fellelråd er avhengige av dette tilskotet for å halde oppe regulær drift.

Tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk

Av løyvinga på kr. 9.776.000 til kyrkjeleg diakoni, undervisning og kyrkjemusikk for år 2005, har kr 130.000 vorte gjeve som tilskot til kyrkjemusikalsk arbeid ved Bergen Domkirke i tråd med føresetnadene i statsbudsjettet. Resten av løyvinga har i hovudsak gått med til å dekkje 50 % refusjon for 15 soknediakonstillingar og full refusjon for 16,3 kateketstillingar tilsett ved ulike fellelråd.

Vakansane i diakon- og kateketstillingane har vore sær store i 2005, slik dei også var det dei to føregåande åra. Dette har ført til at ein unngikk ei forventet overskridding av budsjettet for lønsrefusjonar. I staden fekk ein høve til å nytte om lag 0,6 mill i ledige lønsmidlar til ulike driftstilskot/ingongs-tiltak innan diakoni og kyrkjeleg undervisning.

For 2. halvår oppjusterte departementet tilskotsposten med kr 300.000. Denne oppjusteringa er vidareført med årsverknad for år 2006. Dette var gledeleg då det har vore eit løyvingmessig etterslep på denne posten i høve til den faktiske lønsutviklinga dei siste åra. No er tilskotsposten kome opp

på eit nivå som omtrent balanserar med dei faktiske utgiftene for tilskotsordninga når det ikkje er vakansar i diakon- og kateketstillingane. Vi vonar dette skal gje fellesråd tryggleik for den langsiktige finansieringa av stillingane, og bidra til ein reduksjon av vakansane.

Miljøleing – ”Grøn Stat ”

Bispedømekontoret valde å følgje opp krava i Grøn Stat ved å sertifisere verksemda på kontoret etter krava i Miljøfyrtårn. Ei eiga miljøgruppe ved kontoret har gått systematisk gjennom heile verksemda og laga nye rutinar der det var naudsynt. Ei eiga HMS-gruppe arbeidde på hausten med HMS-dokumentasjon for kontoret. Pr. februar 2006 er arbeidet i avslutningsfasen, og ein reknar med sertifisering i løpet av mars 2006.

Miljøfyrtårn

Ein har vald å promotere Miljøfyrtårn som modell for systematisk arbeid med miljø og rettferd i kyrkjelydane. Prosjektleiaren i Bjørgvin tok i 2005 del i utviklinga av nye bransjekrav for kyrkjelydar og kyrkjelege fellesråd, i samarbeid med Grønn Hverdag sørvest . Krava vart publisert 6. oktober. Sertifiseringa av Fjell sokneråd som fellesråd var pilotprosjekt i utviklinga. Det gode samarbeidet med kyrkjevevja i Fjell og miljøgruppa hennar har vore viktig for prosjektet, og gjer det no mogleg for andre kyrkjelege fellesråd å verte Miljøfyrtårn. Sertifiseringa i Fjell sokneråd er pr. februar 2006 i siste fase, og vert etter alt å dømme det første miljøsertifiserte kyrkjelege fellesrådet i landet.

Godtgjering for sykling i (preste)tenesta

Prosjektleiaren for ”Grøne kyrkjelydar” tok i samråd med stiftsdirektøren initiativ til å vurdere godtgjering for bruk av sykkel som eit tiltak i tråd med Grøn Stat. Ein ny sats på 4 kr pr km frå første km vart vedteken i

bispedømerådet, og etter ein mykje omtala prestesykkeltur frå Bergen til Oslo, fekk Bjørgvin velsigning frå Moderniseringsministeren for ei prøveordning med denne satsen ut 2005. Evalueringa av ordninga syner overveldande resultat, m.a. nær ei seksdobling av sykla km i presteskapet (eigen rapport er sendt departementet).

Sjømannskyrkja / Norsk kyrkje i utlandet

Biskopen vigsla sjømannskyrkja i Sydney 13. mars, og deltok på sjømannskyrkja i Singapore sitt 50 års jubileum 6. mars. I tillegg var han med på minnemarkering etter tsunamien i Phuket, Thailand 2.-8. mai. Besøket på sjømannskyrkjene har auka dei siste åra, også i 2005. 666.316 var i kontakt med sjømannskyrkjer verda over (mot 653.671 i 2004 og 638.560 i 2003). Også i år var den mest populære sjømannskyrkja kyrkja på Gran Canaria med i alt 63.287 besøkande (61.100 i 2004). Gudstenestedeltakinga og talet på nattverdgjester i 2004 var rekordhøge og talet ser ut til å ha stabilisert like under det nivået i 2005 med 120.408 gudstenestedeltakarar (mot 120.958 i 2004) og 35.060 til nattverd (mot 35.960 i 2004). Dette viser at det høge talet i 2004 var ikkje berre eit isolert tilfelle, og stadfester ei utvikling ein har sett i fleire år. Sjømannskyrkja har lukkast i å gje folk frimod til å definera seg innanfor det kyrkjelege fellesskapet.

Tilstandsvurdering

hovudmål 2 - prestetenesta

Hovudmål 2: Prestane skal ha slik verdiforankring og identitet, og slik fagleg og strategisk kompetanse, at dei forordna tenestene og den kyrkjelydsbyggjande verksemda elles, vert ivaretatt med kvalitet. Kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem skal sikrast regelmessig geistleg betjening og inspirerast til å verka i samsvar med vår kyrkje si lære og ordningar. Nye medarbeidarar skal kallast og vigslast.

Regelmessig geistleg betening

Resultatmål 2.7: Sikra kyrkjelydane og den einskilde kyrkjemedlem regelmessig geistleg betening.

Dette resultatmålet har vi arbeidd grundig med dette året. Det har vore gjennomført ein total gjennomgang av ressursituasjonen i Bjørgvin. Bakgrunnen for dette er delt; det er auka press frå einskilde kyrkjelydar om auka kyrkjeleg betening og vi har hatt ei prioriteringsliste i fleire år som etter kvart ikkje er oppdatert i høve folketalsutviklinga i sentrale strom. Nye tenesteordningar opnar for å vurdere den interne fordelinga av presteteneste i kvart prosti og det vil vere meir naturleg å nytte prostiet som eining i høve til prioritering av nye presteressursar.

Det vart nedsett ei arbeidsgruppe som valte å nytta ein belastningsprofil utarbeidd av tidlegare stiftsstyreleiar i Pf, demografiske tal med framskriving til 2020 og skjønsmessig vurdering. Deira innstilling vart sendt på høyring hausten 2005.

Konklusjonen er at dagens smertepunkt er samanfallande med område som ventar sterk folketalsauke. I høve framskrivinga frå SSB vil folketalsauken i Hordaland vere på 50.000 dei neste 15 åra. Det svarer til 14 nye prestestillingar. Per dags dato er det prestegjeld som har hatt så stor auke i folketal utan å få tilført presteressursar at

den totale arbeidsbelastninga i høve kyrkjeleg betjening per stilling er på over eitt årsverk per stilling. I dette er ikkje kyrkjelydsarbeid inkludert. Desse prestegjeld ligg i vekstområde.

I Sogn og Fjordane vil folketalet vere stabilt. I dette fylket vil det difor vere meir aktuelt med interne omdisponeringar i prostiet, enn tilføring av ressursar. Dette er dei alt i gang med å arbeide med. Grunna store avstandar, fjordar og øyer er det ikkje høve å spara inn prestestillingar sjølv om ein i einskilde prestegjeld isolert sett har god dekning.

Rekrutteringstiltak

Jf likestilling.

Vi har gjennomført intervju i 4 av 6 tilsetjingsaker. Vi har innført ei prøveordning for intervju før sokneråda gjev fråsegn. Så langt ser vi at denne ordninga opnar for at eksterne søkjarar i større grad vert vurdert. Ein søkjar trekte seg etter intervju.

Vi har generelt opplevd auke i tal på søkjarar. Dette gjeld heile bispedømet. Noko av forklaringa ligg nok i at det har vore få stillingar utlyst i det siste. I tillegg har eksterne søkjarar har vorte tilsett, noko som inneber færre interne røkingar i bispedømet.

Vikarordningar

I vår personalpolitikk ser vi det som viktig at vikarbehov som følgje av svangerskaps- og omsorgspermisjon vert dekkja med 100%. Dette har vi gjennomført. Det er derimot krevjande å få til vikardekning i lengre sjukepermisjonar i distrikta. Det har vorte lagt til rette for vikarløysing i brorparten av tilfella, med unntak av to lengre sjukemeldingar har ført til vesentleg meirarbeid for kollegaer.

REU har gitt fire prestar 3-månaders permisjon. Til dette er det stilt til disposisjon vikar til dei to eineprest-prestegjeld i full stilling. For permisjonar i

kortare periodar, vert det lagt opp til at ein klarar seg utan ekstern vikar. Ved einskilde høve har det vore naudsynt å hente inn vikar i samband med vakanse i stilling og rehabilitering av bustad.

Arbeidsmiljø, Helse, miljø og tryggleik

I 2005 har AMU godkjent revidert personalhandbok med internkontroll for presteskapet. I tillegg til drøfting av budsjett og tiltaksplanar, strategiplan og årsmelding har det vore arbeid med innleiande drøftingar i samband med overgang til nye arbeidsavtaler for presteskapet, fordeling av presteressursar, iverksetting av beredskapsavtalen, omorganisering i Bergen kyrkjelege fellelråd, tenestebustarar, rammevilkår for stiftsstyreleiar.

Fengselsprestetenesta

Det er stabil teneste med to faste stillingar ved Bergen Landsfengsel. Det er eit godt tverrfagleg samarbeid i fengslet, der prestane er ein naturleg samarbeidspart. Det er og utstrekt samarbeid med Åsane kyrkjelyd og Frelsesarmeen for å gje eit tilbod til dei innsette. Det har vore lagt til rette for kompetanseutvikling med vedtak om at begge prestane deltek på "Soning og forsoning", felles samlingar i Norden og arbeidsvegleiing. Det er jamleg tilbod om gudstenester og einskildsamtaler. Av omsyn til strenge tryggleikstiltak er det naudsynt med avdelte tilbod.

Seint på året i 2005 møtte biskopen leiinga ved fengselet i Vik i Sogn. Vi har registrert auka behov for tenester utført av prest. Her manglar vi ryddige ordningar. Anten må presten på staden verte frigjort til dette, eller ei eiga presteteneste verte etablert.

Prestebustader

Bjørgvin bispedøme har registrert auka merksemd frå Presteforeininga kring prestebustadane. Ei arbeidsgruppe nedsett

av departementet leverte i 2. halvår sin rapport med framlegg til endringar i refusjonsordninga for prestebustadar eigd av kommunane. Bispedømet har gitt høyring til denne, og Bjørgvin biskop har vore i departementet for å drøfte situasjonen rundt ordninga med buplikt, og dei problema som einskilde kommunar peiker på i samband med økonomien i ordninga.

Organisering og leiing av prestetenesta

Resultatmål 2.8: Styrka leiinga av prestetenesta, samordninga mellom prestane og sokneråda, og samvirket mellom prestane og andre kyrkjeleg tilsette.

Det er ikkje innført nye tenestedistrikt for presteskapet i Bjørgvin. Allereie i 2004 starta biskopen eit leiarutviklingsprogram for prostane, som gav prostane stor motivasjon til å innføre nye tenesteordningar. Det er ført gode prosessar i alle prostia. Det er no stans i denne prosessen, i og med at bispedømeleiinga og Pf ikkje er samde om dei økonomiske rammene ved innføring av nye tenestedistrikt. Prostane og mange prestar opplever det frustrerande at gode prosessar i prostia ikkje er ført fram til handfaste resultat.

Vi har tidlegare i meldinga vist til at bispedømerådet og biskopen har gjennomført ei høyring på noverande og framtidig fordeling av presteressursane i bispedømet. Analysen på fordelinga av prestetenesta er heilt sentral for innføringa av nye tenesteordningar, i og med at eitt av føremåla er å jamne ut arbeidsbelastninga for prestane. Prestane i fleire prosti legg stor vekt på at presteskapet må verte tilført nye ressursar, anten det gjeld "holet etter prosten" eller mangel på presteteneste i utbyggingsområda.

Bispedømeleiinga har i sine drøftingar med Presteforeininga om innføring av nye tenestedistrikt fremja bruk av evt. friske midlar til å styrke proste- og prestetenesta i tråd med analysen. Dette støttar Pf i og for

seg, men vil at bispedømerådet først skal yte lønskompensasjon til alle prestar som inngår avtale om nytt tenestedistrikt. Dette medfører ein utgift på om lag 1,7 mill til dei prestane vi alt har. Vi har meddelt Pf at dette er eit krav vi ikkje kan etterkome. Følgjeleg har bispedømerådet så langt ikkje hatt godt nok grunnlag for å tilby prestane nye arbeidsavtalar.

Likestilling

Resultatmål 2.9: Motivere fleire kvinner til teneste som prestar i kyrkjelydane og til å ha leiarstillingar i kyrkja

Vi har arbeidd på brei basis for å rekruttera fleire kvinner til bispedømet. Trass at kvinner har vore oppmoda til å søkja, har det ikkje vore kvinnelege søkjarar til prostestillingane som har vore lyst ut. Det er flest kvinnelege søkjarar til kapellanstillingane. Vi ser at vi har ein lang veg å gå, men vi har arbeidd medvite med rekruttering og likestillingspolitikk og gjort fleire tiltak.

Bispedømerådet har sett som mål å ha ein kvinneandel på 20% i tilsettingssakene. Bispedømerådet gjennomførte ei eiga drøfting om dette temaet, og inviterte med ei av våre kvinnelege prestar som innleiar. Det vart peika på trongen for deltidstillingar - også i høve til soknepreststillingar, ønske om å synleggjera vår politikk om full vikardekning ved svangerskaps- og omsorgspermisjonar ved å lysa ut etter vikar. Prostane drøfta og saka. Her vart fleire kvinner til leiande stillingar etterlyst. Ein drøfta korleis prosten kan handtere situasjonar der dei pårørande ikkje ønskjer kvinner som forettande prest. Vi kom fram til ei ordning der arbeidsgjevar stiller seg bak kvinneleg presteneste. I tillegg har vi saman med prostane vore medvitne om å rekruttera nyutdanna kvinner til vikariat. Slik kan vi gjennom kjennskap til bispedømet kanskje vera med å snu eit "dårlig" rykte. Vi har og hatt eit eige møte med sisteårs studentar og professorar på TF. Det har vore 5 tilsettingsaker i 2005. Av desse var det 2 stillingar med kvinnelege

søkjarar. Minst ei kvinne vart kalla inn til intervju på desse stillingane, og ei kvinne vart tilsett. Dei kvinnene som har søkt på etterutdanning, har vorte prioritert.

Kjønnsfordeling i %	Totalt		Leiarstillingar (Prostar)		Øvrige stillingar	
	Kvinner	Menn	Kv.	Menn	Kv.	Menn
alle tilsette	8,9	91,1	0	100	-	-
heiltidstilsette	8,9	89,9	0	100	-	-
deltidstilsette	-	1,2	0	100	-	-
Gjennomsnittsløn (1000 kr)	354,8	368,3		457		

Kompetanseutvikling

Resultatmål 2.10: Utvikle kunnskapar, dugleikar, haldningar og motivasjon til tenesta hos den ønskilde prest.

For å kunna utvikle kunnskapar, dugleik og motivasjon for tenesta er det naudsynt å ha eit variert spekter; både i bredde og med tilbod om etterutdanning. Vi ynskjer at mykje av grunnplanka for utvikling skal skje lokalt og i prostiet. I byen ser vi at prestane jamleg kjem saman og samtaler om søndagens tekst. Prostia arrangerer fagdagar for prestane og til dels og tverrfaglege samlingar.

Bispedømekontoret har arrangert fleire kurs m.a. i høve til trosopplæring og stiftsmøtet vart vigd til medarbeidarskap og gudstenestereforma.

I dagane 19. – 26. september 2005 var 25 prestar og 1 diakon på studietur til Oxford og London. Hovudføremålet var å gje prestane auka kompetanse på medarbeidarskap. Tema for studieturen var: *Frivillig medarbeidarskap i kyrkjelyden*. Turen inneheldt foredrag av prestar frå den anglikanske kyrkja og vitjing i kyrkjelydar både i Oxford og London. Biskopens deltaking i turen var viktig både for møte med den anglikanske kyrkja og for den enkelte deltakar.

REU har følgd opp satsinga på etterutdanningstilboda frå Pf. Vi har vore godt nøgd med desse tilboda, og har

prioritert desse søknadene. Vi har gode erfaringar frå Nordfjord prosti, som har fått støtte til Englandstur og Nordhordland prosti, som har reist på felles retreat. Kvinner som har søkt om SPP moduler har vore prioriterte. Grunna den økonomiske situasjonen har ein ikkje hatt høve til å vedta å gje permisjon med løn i vedtak gjort i 2005. Dette har vore eit styringssignal frå arbeidsgjevar på trong til å stramme inn på vikarbruken til 3 månaders studiepermisjonar.

Nokre få av prostia har teke i bruk kompetansekartet. 85 av dei 175 prestane som er tilsett i bispedømet har registrert seg i kompetansekartet. Eitt av prostia har arbeidd relasjonsretta i presteskapet for å få opp interessa for kvarandre sin kompetanse.

REU har så vidt starta på ein revisjon av kompetanseutviklingsplanen. Vi ser generelt at prostane sitt fokus på kompetanseutvikling i medarbeidersamtaler gjer seg utslag i meir gjennomtenkte søknader, og søknader frå prestar som ikkje tidlegare har søkt REU. Deira arbeid med fagdagar i prostia har og hatt ein positiv effekt. Når det er avklara kva modell ein vil leggja seg på i høve omlegginga av fakulteta, vil vi revidera vår plan.

REU ser det som ynskjeleg med breidde i tilbodet om kompetanseutvikling, framfor for at alle tilbod skal ta sikte på mastergrad.

Retreatarbeidet

Også dette året blei to retreat gjennomført, ein til St. Joseph Retrettstad på Nesøya med 6 deltakarar og ein til Holmely med 13 deltakarar. Tilbakemeldingane er svært gode. Dei som fyrst har kome seg av stad til ein retreat, ønskjer at slike samlingar skal vere årvisse. Det er god kontakt til retreatarbeidet som vert drive av Stiftelsen Bergen Diakonissehjem. Eit senter for retreat og åndeleg vegleiing ved Bergen Diakonissehjem er under planlegging.

Arbeidsvegleiing (ABV)

Også i 2005 vart to nye vegleiingsgrupper starta. Fire grupper har dermed vore i aktivitet dette året med til saman 26 deltakarar.

Individuell vegleiing er tilbode nokre få medarbeidarar.

Bjørgvin har 15 godkjende vegleiarar. For desse har det vore tre gruppesamlingar og ein fagdag med emne: ABV- Andeleg vegleiing. I tillegg til hovudtema orienterte Hans Olav Gilje om vegen vidare for ABV. Oppfølging av vegleiarane er viktig og dette vil styringsgruppa for ABV Bjørgvin ha fokus på i 2006.

Arbeidsvilkår for prestane

Resultatmål 2.11: Sikra gode arbeidsvilkår for prestane.

Livsfasetilpassing

Den ordninga vi har hatt best tilbakemeldingar frå prestane på, er full vikardekking ved omsorgspermisjonar. Det fører til at fleire og tek ut uløna permisjon utover første år.

Fleire seniorar har bede om å få gå over i vikarstilling eller prostipreststilling. Vi har ikkje hatt høve til å etterkoma dette innanfor dei økonomiske rammene.

IA-avtalen har vore til god hjelp i oppfølginga av dei langtidsjukmelde. Det er etablert rutinar for oppfølging som prostane følger opp. Fleire har og vore i dialog med lege for å samtale om tilrettelegging av arbeidssituasjonen. Personalpresten har ein aktiv rolle i å halde kontakten med dei sjukmeldte, og har i år hatt over 200 samtaler med presteskapet.

Beredskap og fritid

Beredskapsavtalen har gitt nye og betre rammer for prestene si fritid. Ordninga med frihelg kvar 4 helg er innført for alle. 9 av 13 prostar melder at dei har innført planlegging av fridagar i deira prosti. Praktisering og

tilrettelegging av fritidsreglementet har vore grundig drøfta i prostemøtet.

Gode samordnings- og samarbeidsprosessar i presteskapet og mellom embets- og rådsstrukturen.

Prostane har god dialog med kyrkjeveverjene og sokneråda og dei fleste legger til rette for tverrfaglege fora i prostiet, og også kyrkjedagar med felles tema. Det er og lagt opp til møtepunkt med dei einskilde stabane. Vi ser òg at prostane tek tak i samhandlingsutfordringar lokalt i større grad enn før.

Det er urovekkjande få lokale vernerunder i bispedømet. Vi har inngått samarbeidsavtale med brorparten av fellesråda, og likevel rapporterer prostane om svært låg aktivitet på dette området av det systematiske arbeidsmiljøarbeidet.

Kommentarar til årsrekneskapen 2005

Drifta av bispedømekontoret og arrangementsverksemda (kap. 0340/3340 post 01) vart gjort opp med eit overskot på om lag 0,5 mill. Dei viktigaste grunnane til dette er:

- Medviten styring mot eit overskot på om lag kr 300 000. Frå år 2004 vart overført om lag kr 400 000 i unytta midlar til år 2005. For å sikre ei ”mjuk landing” budsjettmessig i år 2006 og vidare la ein opp til ei disponering av 2004-overskotet over fleire år.
- Ultimo oktober vart det gjeve tilleggsøyving på kr 76 000 til dekning av lønsoppgjeret. Denne løyvinga vart klar såpass seint på året at det ikkje var mogeleg / teneleg å disponere dette i vårt interne budsjett.
- Mindreforbruk på om lag kr 140.000 i hovudsak relatert til mindre utgifter til reiser og inventar/utstyr enn føreset,

samt forseinka framdrift i prosjekt knytt til dåpsopplæring.

Drifta av presteskapet (kap. 0341/3341 post 01) vart gjort opp med eit overskot på om lag 1,6 mill. Dei viktigaste forklaringane er:

- Medviten styring mot eit overskot på om lag kr 0,2 mill. Frå år 2004 vart overført om lag 1,3 mill. i unytta midlar til år 2005. For å sikre ei ”mjuk landing” budsjettmessig i år 2006 og vidare la ein opp til ei disponering av 2004-overskotet over fleire år. Denne sikringsbufferen burde ideelt sett vore større.
- Etterslep på innsending av rekningar knytt til beredskap gav eit mindreforbruk på om lag kr 0,8 mill. Desse utgiftane kjem i år 2006.
- Etterslep av innsending av reiserekningar og godtgjersle for teletenester gav eit mindreforbruk på kr 0,35 mill. Desse utgiftane kjem i år 2006.
- Ekstern finansiering av studietur for presteskapet gav eit netto mindreforbruk på om lag kr 110.000.

Rekneskap for oppdragsverksemda (kap. 0340 post 21), tilskotsordningane for diakoni, undervisning og kyrkjemusikk (kap. 0340 post 71.16) og kyrkjeleg verksemd i kommunane (kap. 0340 post 72) er gjort opp i balanse. Nærare kommentarar knytt til tilskotsordningane finst annan stad i denne årsmeldinga.

Bergen, 28. februar 2006

Kari Sørheim
Leiar Bjørgvin
bispedømeråd

Ole D. Hagesæther
biskop

Helge Taranrød (s)
stiftsdirektør

Vedlegg

**Gjennomført program for biskopen 2005
Nøkkeltal – kyrkjeleg statistikk for bispedømet
Etatsstatistikk**

GJENNOMFØRT PROGRAM FOR BISKOPEN I BJØRGVIN 2005

Visitasar:

Skjold 2.-6. februar
Gloppen 5.-10. april
Kinn 13.-17. april
Ulvik 14.-18. september
Luster 19.-23. oktober
Masfjorden 26.-30. oktober
Fyllingsdalen 30. november - 4. desember

Presteordinasjonar:

27. februar i Os kyrkje. Kristine Otneim til vikarprestteneste i Borg bispedøme.
20. mars i Sandnes kyrkje, Masfjorden. Kjartan Sørheim til teneste som misjonsprest.
24. mars i Skjold kyrkje. Anne Marthe Ulvik til teneste som vikarprest i Skjold.
26. juni i Vaksdal kyrkje. Anders Magne Tolås til kyrkjelydsprest i Meland.

Kateketvigsling:

22. mai i Førde kyrkje i Sunnfjord: Heidi Voltersvik vigsla til kateket.
25. september i sjømannskyrkja i London. Marianne Haugerud vigsla til kateket.

Kyrkjevigsling:

Sjømannskyrkja i Sydney 13. mars

Kyrkjejubileer:

Sjømannskyrkja i Singapore 50 år 6. mars
Kvinnherad kyrkje 850 år 15. mai
Hestad kapell 200 år 11. september
Sjømannskyrkja i Alicante 30 år 16. oktober

Bispemøte

8.-9. februar
14.-16. mars (domprosten møtte)
29. – 4. oktober

Lærenemnd

7. februar
16.-17. mars
24. mai
30. september – 1. oktober
7.-8. desember

Kyrkjemøte

14.-19. november, Lillehammer

Kyrkjerådet si styringsgruppe for reformer i kyrkja

28. februar
30. mars
15.-16. juni
16.-17. august

11. oktober

Bispedømerådsmøte

10. februar
8. mars (domprosten møtte)
18. april
14. juni
30. august
28. september
3. november
13. desember

Prostemøte

12.-19. februar (Spania)
30.-31. august
31. oktober – 2. november

Prestemøte/medarbeidersamlingar

1. januar: Nyårsmottaking i Åsane kyrkje (ved domprosten)
31. mai – 2. juni: Stiftsmøte, Ulvik
6. juni: Kateketane si generalforsamling, Bergen
29. august: Fagdag for diakonar
21. november: Fagdag for kateketar

Styremøte for Kontakttelefonen for pionerdykkere

11. april, 12. september, 18. oktober

Andre arrangement/hendingar:

15. januar: Sørgegudsteneste i Bergen domkirke etter tsunamien i Sørøst-Asia
19. januar: Markering av 1-årsdagen for Rocknes' forlis
26. januar: Minnemarkering av tsunamien for thailendarar i Bergen
28. januar: Vitjing av kyrkjeepresidenten og synoderådet i Eritrea
28. januar: Prostilagsmøte for Vesthordland
29. januar: Ungdomsting i Slettebakken kyrkje
22. februar: Bømlo folkeuniversitet
25. februar: Møte i Utenriksdepartementet vedrørende tsunamien
1. mars: Prostisamling i Ytre Sogn
15. mars: Phuket, Thailand: Førebuing av minnemarkering
29. mars: Styringsdialog med KKD i Bergen
1. april: Møte med sekretæranane i dei frivillige kristelege organisasjonane
1. april: Prostisamling i Midhordland
2. april: Til stades ved biskop Ernst Baasland sin 60-årsdag i Stavanger
20. april: Opning av 1905-jubileet i Hordaland i Ullensvang (domprosten)
28. april: Leiarsamling for prostar og kyrkjeverjer (domprosten møtte)
2.-8. mai: Phuket, Thailand: Minnemarkering etter tsunamien
16. mai: Festgudsteneste i Göteborg i høve 100-årsmarkering for unionsoppløysinga
17. mai: Festgudsteneste på Skansen i Stockholm i høvd 100-årsmarkering for
Unionsoppløysinga. Tale ved 17. mai-festen i Den norske forening
23. mai: Bibelselskapet sitt representantskap
25. mai: Festspillopning
4.-5. juni: Premiere på Mostraspelet og gudsteneste i Moster amfi

- 5. juni: Jazzgudsteneste i Johanneskyrkja
- 9. juni: Stavanger: Konsultasjon vedrørende valkyrkjelyder
- 12. juni: Markering av 100-årsjubileet for 1905, Fana kyrkje og Troldhaugen
- 18. juni: Middag på Damsgård Hovedgård med Kongeparet
- 20.-23. juni: "Vegen til presteneste", Moster
- 23. juni: Borgund stavkyrkje: Opning av besøkssenter. Andakt i stavkyrkja, vitjing av Dronninga
- 24.-16. juni: Sjømannskyrkja si generalforsamling, Bergen
- 30. juni: Gudsteneste for Sjømannskyrkja sitt arbeidarmøte
- 1. juli: Samemisjonen sitt landsmøte, Frekhaug
- 3. juli: Oldeskarstemne, Stordalen i Jølster
- 17. juli: Møte i Sarons Dal, nattverdguddeneste
- 18. august: Vitjing i Austevoll
- 21. august: 150-årsjubileum for Kirkens Bymisjon, Korskirken
- 23. august: 5-årsjubileum for innflytting i bispedømekontoret sine lokale i Strandgaten 198
- 27.-28. august: Gulen: Opning av 1000-årsstaden for Sogn og Fjordane. Festgudsteneste.
- 1.-3. september: Stockholm: Kongevitjing ved Den norske kyrkja i Stockholm
- 6. september: Grunnsteinsnedlegging Erdal kyrkje
- 8. september: Møte med fengselsprestar og regiondirektør
- 13.-14. september: Stabstur til Hardingasete
- 18. september: Avskil for prost Kaare Bakke i Os
- 20.-26. september: Studietur til Oxford og London for prestar i Bjørgvin
- 10. oktober: Møte med erkebiskop Rowan Williams i Trondheim
- 3. oktober: Etatledermøte på Solstrand (biskop og domprost)
- 4. oktober: O3-samling
- 8. oktober: Møte med studentar på Misjonshøgskolen, Stavanger
- 21. november: Soknerådskurs Voss
- 23. november: Soknerådskurs Domprostiet
- 24. november: Møte i representantskapet på Bergen diakonissehjem
- 25. november: Samrådsmøte om prestenesta i Vik fengsel
- 1. desember: Soknerådskurs Laksevåg prosti
- 6. desember: Evaluering av arbeidet i komiteen for 1000-årsstaden i Gulen
- 14. desember: Møte i Kirkerådet om Sjømannskirken

Permisjon 1.-17. januar og 23. april – 12. mai.

	Døyppte	Delt. søndagsguds	Delt. andre guds	Delt. gudst. tot.	Søndagsgudst.	Andre gudst.	Gudst. tot.	Gj.snitt.gudst.	Gj.snitt søndag	Nattverdeltaka	Konf.tot.	Offer tot.	Innmelde	Utmeide	Vigslar	Barnehage- besøk i kyrkja	Besøk i barnehagen	Barnehage- besøk totalt	Klassebesøk i kyrkja	Besøk i skuleklassar	Skule/kyrkje besøk totalt	Frivilljuge gudsteneste	Frivilljuge barne- og ungd.arb
	4.1	5.A.2	5.A.4		5.A.1	5.A.3				C.1.b	4.3	11.1.a	3.1	2.1	4.4	5 D	5 F		5 E	5 G		8.A.1	8.A.2
Bergen domprosti	410	54106	45507	99613	587	890	1477	67	92	34637	176	1307984	18	125	152	47	74	121	14	44	58	184	112
Arna og Asane prosti	516	54741	15148	69889	418	112	531	132	131	12026	576	1350693	6	60	102	9	20	29	29	93	122	315	147
Fana prosti	685	71576	15920	87496	458	137	595	147	156	16439	815	1693006	10	97	134	30	93	123	19	27	46	269	290
Laksevåg prosti	515	41526	15645	57171	388	167	555	103	107	8543	495	937360	11	58	65	13	52	65	25	34	59	129	110
Midhordland prosti	338	34098	13550	47648	316	103	419	114	108	6049	171	520100	12	11	63	11	14	25	34	49	83	107	178
Vesthordland prosti	663	65762	12094	77856	469	247	716	109	140	13299	602	1543066	5	53	128	36	52	88	21	119	140	310	355
Sunnhordland prosti	664	95727	20537	116264	872	381	1253	93	110	17936	701	2550917	9	53	150	56	45	101	55	94	149	468	358
Hardanger og Voss prosti	484	59755	13809	73564	670	190	860	86	89	9633	546	1568401	11	34	115	36	20	56	30	21	51	139	64
Nordhordland prosti	421	60441	15827	76268	642	198	840	91	94	13511	492	1830939	8	42	81	12	54	66	48	86	134	371	247
Ytre Sogn prosti	167	27928	4796	32724	462	103	565	58	60	3705	187	610898	4	12	33	5	22	27	18	36	54	103	93
Indre Sogn prosti	287	40281	5771	46052	496	89	585	79	81	3758	297	807266	2	26	66	20	17	37	35	39	74	167	65
Sunnfjord prosti	480	67902	12667	80569	637	151	788	102	107	9362	521	1759785	8	27	111	52	18	70	39	41	80	207	153
Nordfjord prosti	449	73607	10730	84337	826	146	972	87	89	9117	405	1568470	5	24	89	21	60	81	70	123	193	513	293
SUM	6059	747450	202001	949451	7242	2914	10156	93	103	158015	5984	18069685	109	622	1288	348	541	889	437	806	1243	3282	2465
Førebets tal 2005	6059			949451			10156	93	103	158015	5984	18069685	109	622	1288	348	541	889	437	803	1243		
Tal frå NSD 2004	6275			961022			9979	96	105	166526	6248	17752317	98	531	1373	305	456	761	580	1003	1583		
2004-2005	-216			-11571			177	-3	-2	-8511	-264	317368	11	91	-85	43	85	128	-143	-200	-340		

Merknad, sjå nedanfor

Korte kommentarar til statistikken: Gjennomsnittleg tal på deltakar søndagsgudsteneste er 103. Talet frå 2004 på 105 viser gjennomsnitt for hovudgudstenesta på søndag. Tala for 2005 inkluderer også andre gudst. søndag, m.a. kveldsgudstenester.

Tala for 2004 er henta frå NSD sin offisielle statistikk.

Statistikrapportering 2005

Etatsrapportering

Björgvin _____ bispedømme

NB! Les veiledningen nøye.

1. Prestestillinger:		2004	2005
1.1	Antall årsverk i bispedømmet	174,8	174,6
1.2	Antall faste prestestillinger lønnet over kap. 341	173,6	173
1.2.1	Antall proster	13	13
1.2.1.1	herav kvinner	0	0
1.2.2	Antall proster som ikke er sokneprester	2	4
1.2.2.1	herav kvinner	0	0
1.2.3	Antall sokneprester	79,5	80
1.2.3.1	herav kvinner	8	9
1.2.4	Antall kapellanstillinger	62,5	63
1.2.4.1	herav kvinner	5	6
1.2.5	Antall prestestillinger med prostiet som tjenstedistrikt	8	6
1.2.5.1	herav kvinner	0	0
1.2.6	Antall andre faste prestestillinger lønnet over kap 341	9	12
1.2.6.1	herav kvinner	2	2
1.3	Antall deltidsstillinger lønnet over kap. 341	3	3
1.3.1	Antall deltidsstillinger i alderen < 40 år	3	0
1.3.1.1	herav kvinner	3	0
1.3.2	Antall deltidsstillinger i alderen 40-62 år	2	2
1.3.2.1	herav kvinner	0	0
1.3.3	Antall deltidsstillinger prester med AFP (over 62 år)	1	1
1.3.3.1	herav kvinner	0	0
1.3.4	Antall deltidsstillinger i alderen 62-67 år (ikke AFP)	0	0
1.3.4.1	herav kvinner	0	0

2. Tilsetninger:

2.1	Antall tilsettingssaker i faste prestestillinger lønnet over kap. 341	5	5
2.1.1	Antall tilsetninger i faste prestestillinger	5	5
2.1.1.1	herav kvinner	1	1
2.1.2	Antall tilsettingssaker der stillingen ble kunngjort på nytt	0	0
2.1.3	Antall søkere til utlyste prestestillinger	35	31
2.1.3.1	herav kvinner	7	5

		2004	2005
2.2	Antall ledige/ubesatte faste prestestillinger lønnet over kap. 341 pr 31.12.	7	5

3. Avskjed/fratreden:

3.1	Antall prester (av 1.2) som har fratrudd/fått avskjed fra stilling	6	8
3.1.1	Grunnet uførepensjon	1	0
3.1.1.1	herav kvinner	0	0
3.1.2	Grunnet alderspensjon	1	2
3.1.2.1	herav kvinner	0	0
3.1.3	Grunnet avtalefestet pensjon	1	1
3.1.3.1	herav kvinner	0	0
3.1.4	Grunnet overgang til annen statlig prestestilling	2	2
3.1.4.1	herav kvinner	0	0
3.1.5	Grunnet overgang til ikke-statlig prestestilling eller annen kirkelig stilling	1	2
3.1.5.1	herav kvinner	0	1
3.1.6	Grunnet overgang til annen ikke-kirkelig stilling	0	0
3.1.6.1	herav kvinner	0	0
3.1.7	Grunnet annen fratredelsesårsak	0	1
3.1.7.1	herav kvinner	0	1

4. Fravær (alle tall i uker):

4.1	Totalt fravær blant prester, faste stillinger lønnet over kap. 341		1502
4.1.1	Fravær grunnet ferie		669
4.1.1.1	herav kvinner		53
4.1.2	Fravær grunnet sykdom	460	431
4.1.2.1	herav kvinner	66	46
4.1.3	Fravær grunnet studiepermisjon	250	233
4.1.3.1	herav kvinner	30	32
4.1.4	Fravær grunnet fødsels-/omsorgspermisjon	53	145
4.1.4.1	herav menn	34	54
4.1.5	Fravær grunnet andre årsaker		24
4.1.5.1	herav kvinner		1

5. Kompetanseutvikling:

5.1	Totalt antall uker studiepermisjon med lønn blant prester, faste stillinger, jf. 1.2	250	145,5
5.1.1	herav kvinner	30	16
5.2	Antall prester som har hatt 3 måneder eller mer i studiepermisjon	2	4
5.2.1	herav kvinner	1	1

		2004	2005
5.3	Totalt driftsbudsjett (beløp i hele kroner) benyttet til etterutdanning av prester	538	650 000
5.3.1	Midler avsatt til kurs, reiser, stipend etc. i forbindelse med studiepermisjon	538	300000
5.3.1.1	herav til kvinner		30000
5.3.2	Utgifter i forbindelse med lønn i permisjonstiden	2000000	1200000
5.3.2.1	herav til kvinner	300000	135000
5.3.3	Utgifter i forbindelse med vikarer etc.	200000	250000
5.3.3.1	herav til kvinner	60000	100000
5.4	Antall søkere til etterutdanningskurs (REU/SEU)	47	36
5.4.1	Antall innvilgede søknader	44	28
5.4.1.1	herav kvinner	1	3
5.4.2	Antall avslåtte søknader	3	8
5.4.2.1	herav kvinner	0	0
5.5	Antall prester (av 1.2) som har deltatt i etterutdanningskurs	44	25

6. Ledelse:

6.1	Antall prostier	13	13
6.1.1	Antall prostier med kompetansekart	0	4
6.1.2	Antall prostier som opererer med planer for uttak av fridager, jf. avtalen	9	7
6.1.3	Antall prostier med spesialisert prestedtjeneste	0	2
6.2	Antall sokneprester som har hatt medarbeidersamtale med prosten	72	74 av 80
6.2.1	herav kvinner		100 %
6.3	Antall prester som har hatt medarbeidersamtale med soknepresten	14	
6.3.1	herav kvinner		
6.4	Antall prester i bispedømmet med arbeidsveiledningskompetanse	13	13
6.4.1	herav kvinner	2	2
6.5	Antall prester som har deltatt i tilbud om systematisk arbeidsveiledning	54	20
6.5.1	herav kvinner	5	4

7. Sykefravær:

7.1	Totalt antall dager sykefravær med lønn blant prester, faste stillinger, jf. 1.2	2300	2155
7.1.1	Antall fraværsdager med sykemelding	2250	2032
7.1.1.1	Antall korttidssykemeldinger (< 2 uker)	35	21
7.1.1.1.1	herav kvinner	5	2
7.1.1.2	Antall langtidssykemeldinger (> 2 uker)	23	26
7.1.1.2.1	herav kvinner	4	3
7.1.2	Antall fraværsdager med egenmelding	77	123

		2004	2005
7.1.2.1	Antall prester som har tatt ut mindre enn 5 egenmeldingsdager	27	40
7.1.2.1.1	herav kvinner	1	5
7.1.2.2	Antall prester som har tatt ut mellom 5 og 15 egenmeldingsdager	1	2
7.1.2.2.1	herav kvinner	0	1
7.1.2.3	Antall prester som har tatt ut mer enn 15 egenmeldingsdager	0	1
7.1.2.3.1	herav kvinner	0	0

8. Tjenestebolig/boplikt:

8.1	Antall prester med boplikt (av 1.2.1 og 1.2.3)	78	81
8.2	Antall prester i egen bolig (av 1.2.1 og 1.2.3)	13	13
8.2.1	herav med fritak fra fondsbolig	5	1
8.2.2	herav med fritak fra kommunal bolig	8	12
8.3	Antall søknader om fritak fra boplikt i fondsbolig	0	3
8.3.1	herav innvilgede søknader		
8.3.2	herav avslåtte søknader		
8.4	Antall søknader om fritak fra boplikt i kommunal bolig	1	3
8.4.1	herav innvilgede søknader	1	2
8.4.2	herav avslåtte søknader		1
8.5	Antall presteboliger pr 31.12	137	138
8.5.1	herav kommunale boliger	79	80